

Studieplan for Norsk 1 (30 studiepoeng) (2007–2008)

Fakta om programmet

Studiepoeng: 30

Studiets varighet: 1 år

Undervisningsspråk: Norsk

Studiested: Høgskolen i Østfold

Kontakt

Studieveileder: Anne-Marit Brække

Telefon: +47 696 08 148

E-post: studier@hiof.no

Fakultet for lærerutdanninger og språk

Innholdsfortegnelse

- Oppbygging og gjennomføring
- Studieplanen er godkjent og revidert
- Studiemodell

Oppbygging og gjennomføring

Studiets oppbygging og innhold

Norsk 1 bygger på eit kunnskaps-, innsikts- og dugleiksnivå som svarar til norskfaget ved allmennfagleg studieretning i den vidaregåande skolen. Studentar som er tekne opp på anna grunnlag, må skaffe seg tilsvarende kunnskapar på eiga hand.

Studiet er bygd opp av tre obligatoriske emne. Kvar av desse er på 10 studiepoeng.

Norsk 101 - Språk

Norsk 102 - Barne- og ungdomslitteratur, elevtekstar og skriveopplæring

Norsk 103 - Litteratur

Progresjon:

Norsk 101 er lagt til haustsemesteret, medan Norsk 102 og 103 går i vårsemesteret. Det er ein fordel å ta Norsk 101 før 102 og 103.

Internasjonalt aspekt

- studiet gir kunnskapar om andre nordiske språk
- i studiet vert det lese litteratur på dansk og svensk i original
- norsk som 2. språk og kontrastiv lingvistik inngår i studiet

Likestillingsaspekt

Språkskilnader mellom kjønn vert behandla i studiet.

Organisering og læringsformer

Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i grupper og individuelt arbeid. Undervisningstilbodet kan ikkje dekke alle delar av pensumet. Studentane vil derfor sjølve vere ansvarlege for å skaffe seg innsikt i heile pensumet.

Målform

I norskfaget er det eit krav at studentane beherskar både bokmål og nynorsk som arbeidsspråk. I løpet av studiet Norsk 1 skal studentane nytte både bokmål og nynorsk. Studentane skal skrive eksamen i Norsk 101 på bokmål og Norsk 102 på nynorsk.. Sjå dei einskilde emneskildringane for meir informasjon.

IKT

Bruken av IKT i studiet er viktig, og ein ventar at studentane lærer seg å bruke denne teknologien til å hente inn informasjon, skrive, publisere tekstar og kommunisere. For å nå ut med informasjon til studentane, vil norskseksjonen i stor grad bruke e-post, heimesider og elektroniske oppslagstavler.

Bibliotek

Biblioteket skal bidra til å auke studentanes informasjonskompetanse, det vil si evna til å søkje etter, finne, evaluere og bruke relevant faglig informasjon. I tillegg til personlig service, får studentane bibliotekundervisning der målsettinga er at dei skal kunne søkje i norske informasjonskjelder, ha kjennskap til internasjonale databasar og kunne vurdere kvalitet på informasjon. Det vil også bli undervist i referanseteknikk. Bibliotekundervisninga vil bestå av to dobbelttimer, ein innføring i informasjonssøking ved studiestart og spesialisert informasjonssøking samt innføring i referanseteknikk for arbeidet med den faglige porteføljen.

Studentane vil ha særleg bruk for dei tilboda biblioteket kan gi i samband med utarbeiding av sjølvvalt pensumliste og obligatoriske arbeidskrav.

Arbeidskrav

Det er obligatoriske arbeidskrav i studiet. Arbeidskrava må være gjennomført og godkjent innan gitte fristar før studenten kan framstilla seg til eksamen. Sjå emneskildringane for Norsk 101, 102 og 103 for meir informasjon om arbeidskrav.

Semesterplan

Ved semesterstart vil det bli gitt ut semesterplanar, og her vil ein m.a. finne informasjon om obligatoriske arbeidsoppgåver, om ulike prosjekt, om skriveverkstader, oppgåveseminar og liknande.

Praksis

Studentar på allmennlærerstudiet følgjer eigen praksisplan. Andre studentar skal ikkje ha praksis.

Tilbakemelding underveis

Det er viktig at studentane får tilbakemelding på innsatsen sin undervegs i studiet. På Norsk 1 vil ein få dette gjennom å ta del i oppgåveseminar og å skrive fagtekstar. I dette tekstarbeidet får studentane tilbakemelding frå både faglærarar og medstudentar.

Vurdering

Arbeidskrav må være godkjent før studenten kan framstilla seg til eksamen. I tillegg kjem eit krav om godkjent prosjektarbeid for studentar som ikkje har obligatorisk praksis.

Vurderingsform

Alle eksamenar på studiet Norsk 1 er individuelle og skjer i form av både individuell skriftlig eksamen, foredrag og munnleg eksaminasjon. Sjå den enkelte emneskildringa for detaljert informasjon.

Karaktersystem

Det blir gitt ein separat karakter for kvart emne. Alle dei tre emna blir vurdert etter ein karakterskala frå A til F der A er beste karakter og F betyr *Ikke bestått*.

Studieplanen er godkjent og revidert

Studieplanen er godkjent

Eystein Arntzen 30. mai 2007

Studiemodell

Denne studiemodellen har en ny utforming. [Fortell oss hva du synes om den](#)

Høst 2007

HN1-Norsk1

LA101NOR07
Norsk 101: Språk

10 stp

Vår 2008

HN1-Norsk1

LA102NOR07
Norsk 102: Barne- og ungdomslitteratur, elevtekster og skriveopplæring

10 stp

LA103NOR07
Norsk 103: Litteratur

10 stp

LA101NOR07 Norsk 101: Språk (Høst 2007)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 10

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: ½ år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Undervisningssemester
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Litteratur

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Emnet inngår i emnegruppa Norsk 1 (30 studiepoeng) og er obligatorisk allmennlærerstudiet.

Undervisningssemester

Hautsemesteret, 1. studieår

Innhold

Følgjande tema blir gjennomgått:

- Barns språkutvikling

- Språklære (grammatikk)

- Språkleg norm og variasjon

Undervisnings- og læringsformer

Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i grupper og individuelt arbeid.

I løpet av dette emnet skal studentane skrive ulike fagtekstar på bokmål og nynorsk.

Studentane må og rekne med å bruke egen tid på å skaffe seg innsikt i heile pensumet.

Praksis

Sjå punktet "Tilhøvet mellom teori og praksis" i studieplanen.

Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

To fagtekstar, ein på nynorsk og ein på bokmål, skal leverast inn til godkjenning. Desse tekstane må vere leverte innan fastsett frist i semesterplanen, og dei skal godkjennast av faglærer før ein får framstilla seg til eksamen.

Eksamen

Undervegs i studiet:

Studentane får tilbakemelding på sitt faglege nivå gjennom rettleiing frå faglærer, gjennom deltaking på oppgaveseminar og gjennom arbeidet med fagtekstane (arbeidskrav).

Sluttvurdering:

Individuell skriftleg eksamen på 6 timar.

Målforma er bokmål. Tillatne hjelpemiddel er gjeldande læreplan for grunnskolen og ordbok eller ordliste.

Prøva blir vurdert av to interne sensorar etter ein karakterskala frå A til F.

Den avsluttande vurderinga byggjer på krav til akademisk standard som gjeld på universitets- og høgskolenivå og på generelle krav til språkleg framstillingsevne.

Litteratur

Litteraturlista er sist endra 15.08.2007.

Bøker

Høigaard, Anne: *Barns språkutvikling - muntlig og skriftlig*. Tano Aschehoug 2006
(ISBN 13:978-82-15-00589-8)

Jahr, Ernst Håkon: *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. Novus 1994
(ISBN 82-7099-219-4)

Kulbrandstad, L.A.: *Språkets mønstre*. Universitetsforlaget 2005 (ISBN 82-15-00771-6)

Kulbrandstad, L.A.m.fl.: *Inn i Språkets mønstre*. Universitetsforlaget 2005
(ISBN 82-15-0912-3)

Pensumstoff som kan lastast ned frå Internett:

Almenningen, Olaf: '[Stutt historikk over sidemålsskipnaden](#)'. I Språknytt 1-2/2001

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), [§2-5 og 2-8](#)

Skirbekk, Gunnar 2001 '[Kvifor sidemål](#)'. I Språknytt 1-2/2001

Artiklar i kompendium:

Grønvik, Oddrun 1992: 'Kva må ein kunna for å ha glede av ei ordbok?' I *Norsklæraren* 4/1992

Jansson, Benthe Kolberg 2007: 'Ordlista - den gode hjelparen?'. I Anne Steinsvik (red.): *Betre nynorskundervisning*. Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda

Matre, Synnøve 2005: 'Dei yngste barna og nynorsken!'. I Anne S. Nordal (red.): *Didaktiske perspektiv på nynorskopplæringa*. Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda

Omdal, Helge 2003: 'Lærernes rolle i implementering av norske språknormer' I Omdal, Helge og Rune Røstad (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa*. Høyskoleforlaget, Kristiansand (ISSN 0806-5934)

Torp, Arne og Lars Vikør 2000: 'Prinsipp for språknormering'. I *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. ad Notam Gyldendal s. 235-236

Kompendiet kan kjøpast i 'Bokbiten'.

LA102NOR07 Norsk 102: Barne- og ungdomslitteratur, elevtekster og skriveopplæring (Vår 2008)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 10

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: ½ år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Forkunnskapskrav utover opptakskrav
- Undervisningssemester
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Litteratur

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Emnet inngår i emnegruppa Norsk 1 (30 studiepoeng) og er obligatorisk i allmennlærerstudiet.

Forkunnskapskrav utover opptakskrav

Studentane som tek emnet Norsk 102 bør også ha gjennomført emnet *Norsk 101 - Språk*.

Undervisningssemester

Vårsemesteret, 1. studieår

Innhold

Følgjande tema blir gjennomgått:

- Barne- og ungdomslitteratur på norsk, dansk og svensk og minst eitt verk i omsetjing frå den klassiske, internasjonale allalderslitteraturen
- Elevtekstar og skriveopplæring

I begge tema vil ein ha ei didaktisk tilnærming til fagstoffet, og i arbeidet med elevtekstar vil ein nytte mange typar tekstar frå ulike alderstrinn og kjønn, tekstar skrivne av elevar med eit anna morsmål enn norsk, multimodale tekstar osv.

Undervisnings- og læringsformer

Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i grupper og individuelt arbeid. Det vert og arrangert fagseminar der studentane m.a. får praktisk erfaring med prosessorientert skrivpedagogikk som arbeidsform. Deltaking på seminara er obligatorisk.

I løpet av dette emnet skal studentane skrive fagtekstar, minst to av tekstane skal skrivast på nynorsk.

Studentane må og rekne med å bruke egen tid på å skaffe seg innsikt i heile pensumet.

Praksis

Sjå punktet "Tilhøvet mellom teori og praksis" i studieplanen.

Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

1. Studentane skal delta på 2 obligatoriske fagseminar.

2. Studentane skal produsere minst to fagtekstar på nynorsk på dette emnestudiet. Tekstane skal vere godkjente av faglærer før studenten kan framstilla seg til eksamen.

Nærare informasjon om fristar og gjennomføring vil bli gitt ved semesterstart.

Arbeidskrava må være gjennomført/godkjent av faglærer før studentane kan framstilla seg til eksamen.

Eksamen

Undervegs i studiet:

Studentane får rettleiing i samband med fagseminar og produksjon av fagtekstar.

Sluttvurdering:

Individuell skriftleg eksamen på 8 timar.

Målforma er nynorsk. Tillatne hjelpemiddel er gjeldande læreplan for grunnskolen og ordbok eller ordliste.

Prøva blir vurdert av ein intern og ein ekstern sensor etter ein karakterskala frå A til F.

Den avsluttande vurderinga byggjer på krav til akademisk standard som gjeld på universitets- og høgskolenivå og på generelle krav til språkleg framstillingsevne.

Litteratur

Kaldestad, Per Olav m.fl. : *Diktboka*. LNU/Cap 1997 (eller seinare)

Mjør m. fl.: *Barnelitteratur - sjangrar og teksttypar*. LNU/Cap 2000 (eller seinare)

Primærtekstar:

- eit utval dikt
- tekstar frå barnekulturen
- lyriske tekstar for barn frå eldre og nyare tid
- eitt verk frå den europeiske allalderslitteraturen
- 3 biletbøker og andre multimodale tekstar
- 5 moderne norske barnebøker (begge målformer skal vere representerte)
- 1 dansk barne- eller ungdomsbok (må lesast på dansk)
- 1 svensk barne- eller ungdomsbok (må lesast på svensk)

Kva for tekstar som blir lesne vil variere frå år til år. Tekstlista vil vere klar 1. juli.

LA103NOR07 Norsk 103: Litteratur (Vår 2008)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 10

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: ½ år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Forkunnskapskrav utover opptakskrav
- Undervisningssemester
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Litteratur

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Emnet er inngår i emnegruppa Norsk 1 (30 studiepoeng) og er obligatorisk i allmennlærerstudiet.

Forkunnskapskrav utover opptakskrav

Studentane som tek emnet Norsk 103 bør også ha gjennomført emnet Norsk 101.

Undervisningssemester

For allmennlærerstudentar gjennomføres undervisning, rettleiing og eksamen i vårsemesteret, 2. studieår.

For andre studentar kan undervisninga liggje over heile studieåret, men vanlegvis vert undervisninga gjennomført i vårsemesteret parallelt med emnet Norsk 102.

Innhold

Følgjande tema blir gjennomgått:

- vaksenlitteratur (skjønnlitteratur) på norsk, dansk og svensk
- tekstar frå andre kulturar

- norsk som andrespråk
- tilpassa opplæring i norskfaget

Undervisnings- og læringsformer

Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i grupper og individuelt arbeid. Studentane må og rekne med å bruke egen tid på å skaffe seg innsikt i heile pensumet.

I tillegg blir det arrangert obligatorisk skriveseminar med bruk av POS-modellen (prossessorientert skriving).

Praksis

Sjå punktet "Tilhøvet mellom teori og praksis" i studieplanen.

Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

1.

- Deltaking på skriveseminar med bruk av POS-modellen der det skal jobbast med oppgåver der innhaldet er knytt til eitt eller fleire av dei litterære emna som er gjennomgått på modulen.
- Arbeidet skal kunne ut i ein individuelt skriven tekst i fagartikkelsjangeren. Valfri målform. Vurdering: Godkjent/ikkje godkjent.

2. Munnleg prøve og foredrag med rammer og innhald mest mulig likt eksamen. Arbeidskravet knytast til ein gjennomgang av temaet munnlegheit/retorikk.

Vurdering: Godkjent/ikkje godkjent.

Eksamen

Undervegs i studiet:

Studentane får rettleiing.

Sluttvurdering:

Individuelt fagleg foredrag og munnleg eksaminasjon.

Foredraget skal vare i ca. 10 minutt over oppgjeve emne innafor pensum. Emnet blir gjeve 3 dagar før eksamen. Disposisjon for foredraget leverast sensorane på førehand. Deretter vert kandidaten eksaminert munnleg i fagstoffet. Prøva er på totalt ca. 30 minutt inkludert karakterfastsetjing og tilbakemelding. Hjelpemiddel: manuskript eller stikkord.

Prøva blir vurdert av ein ekstern og ein intern sensor. Gradert karakterskala frå A til F.

Ved vurderinga vil det i tillegg til det faglege innhaldet òg bli lagt vekt på språkleg framstillingsevne.

Litteratur

Primærtekstar:

- mytar, eventyr og segner frå ulike kulturar
- essayistiske tekstar frå nordisk og internasjonal essaytradisjon
- essayistiske elevtekstar
- noveller og kortprosa frå norsk og internasjonal litteratur
- narrative elevtekstar frå majoritets- og minoritetsspråklege elevar
- eksamenssvar frå studentar
- multimodale tekstar
- Henrik Ibsen: Peer Gynt
- fire norske romanar frå nyare tid
- svenske og danske tekstar på originalspråket

Begge dei norske målformene skal vere representerte

Kva for tekstar som blir lesne, vil variere frå år til år. Tekstlista vil vere klar 1. juli.

Teori:

Kaldestad/Knutsen: *Diktboka*

Litteraturteoretiske tekstar i eit omfang av om lag 300 sider

Sist hentet fra Felles Studentsystem (FS) 26. okt. 2021 02:45:22